

Referat frå årsmøte i Musica Sacra 2022

Fredag 01.juli 2022 kl. 21.00 på Solborg folkehøgskole Stavanger

Det var 26 til stades.

Sak 1: Velkomsthelsing ved leiar Anne Karin Stormyr

Vi song nr. 829 i salmeboka: Så stilt som berre vinden snur. Leiaren song føre. Vi hadde ikkje tekst, men gjentok etter henne.

Sak 2: Val av møteleiar

Anne Karin Stormyr vart vald.

Sak 3: Val av 2 referentar og teljekorps

Referentar: Anne Lise Grøm og Ellinor Grimnes

Teljekorps: Anne Gundersen og Arnfinn Tobiassen

Sak 4: Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste er lagt ut på nettsida.

Innkallinga og saklista vart godkjent utan merknader. Ekstra saker er ikkje komne inn.

Sak 5: Årsmelding 2019-2020 2021

Skrivar Anne Lise Grøm gjekk gjennom årsmeldinga.

Årsmeldinga for 2019 vart godkjent med merknaden at tittelen på seminara blir førte inn.

Årsmeldingane for 2020 og 2021 vart godkjente.

Sak 6: Årsrekneskap: Kasserar Magne Emberland gjekk gjennom årsrekneskapane

Rekneskap for 2019:

Framlegg frå Ragnhild Hadland: Vi bør spesifisera inntektene på rekneskapen, som momskompensasjon, kulturrådsmidlar og Landsomfattande kurs og andre inntekter.

Rekneskap for 2020: Kommentar: avskriftsfeil skal sjekkast. Deltakaravgift: Bør stå at dei vart refunderte grunna avlysinga av kurset.

Vi snakkar med Ragnhild Hadland og lagar ein mal for neste år.

Rekneskap for 2021: Ingen merknader.

Rekneskapane for 2019, 2020 og 2021 vart godkjente under forutsetning at rekneskapen for neste år tek med seg framlegga til endringar som kom på årsmøtet.

Sak 7: Kontingent

Kontingenten er 250 for vaksne, 150 for vaksen nr 2 pr. familie, og barne/ ungdom og student opp til 26 år er kr 50.

Styret oppmodar medlemmene til å melda inn barna. Det generer midlar frå Frifond.

Årsmøtet vedtok ingen endringar i kontingenten.

Styret vil skaffa seg Vipps og senda ut kontingentkrav på sms.

Sak 8: Budsjett 2019

Kasserar Magne Emberland gjekk gjennom budsjettframlegget.

Budsjettet blei vedteke med små justeringar.

Sak 9: Handlingsplan

Leiar gjekk gjennom handlingsplanen.

2023: Sund i Nord-Trøndelag (Inderøy) 28.06- 02. 07. 23

2024: Indre Austland 26.06.- 30.06. 2024

2025: Finnmark eller Troms 25.06.- 29.06.25 T.d. Tromsø

Styret får mandat til å arbeida vidare med dette.

Det kom framlegg om å stryka Ad Fontes i handlingsplanen under punktet om samarbeid med aktørar. Tingingsverket bør ha eit meir moderne språk, og vera meir bruksvennleg for kor rundt omkring i landet.

Handlingsplanen blei vedteken med dei justeringane som kom fram på årsmøtet.

Sak 10: Val

Ragnhild Hadland presenterte framlegget frå valnemnda.

Leiar: Anne Karin Stormyr: attvalt som leiar for 1 år. På val i 2023

Styremedlemmer:

Anders Eidsten Dahl: attval for 1 år, valperiode 2022-2023

Corinna Stamm: attval for 1 år, valperiode 2022-2023

Magne Emberland attval for 2 år, valperiode 2022-2024

Anne Lise Grøm attval for 2 år, valperiode 2022-2024

Vara:

1. vara: Ellinor Grimnes (ny) attval for 1 år, valperiode 2022-2023

2. vara: Ingunn Aune Steinbakken: attval for 1 år, valperiode 2022-2023

Valnemnd:

Astri Marie Bauer (ny) og Ragnhild Hadland (attval) – attval for 1 år, valperiode 2022-2023

Revisor:

Lars Audun Fodstad – attval for 1 år, valperiode 2022-2023

Alle vart samrøystes attvalde.

Referent

Anne Lise Grøm

Solborg folkehøgskule 01.07.22

Vedlegg:

Årsmelding

Rekneskap

Budsjett

Handlingsplan